



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 45611029

Vår referanse:
23/114777-4

Dykkar referanse:
Vår dato:
08.08.2023

Veghistorisk kulturminne – Lindås gravplass gnr 108 bnr 627 m. fl . Alver kommune. Tilleggsuttale

Vi viser til vår uttale i saka av 17.07.23. Vi er kjend med at Vestland fylkeskommune har fått utsett svarfrist i saka til 18.08.23.

Statens vegvesen vurderer det som naudsynt å kome med ein tilleggsuttale i saka all den tid det aktuelle planområdet innehold eit viktig veghistorisk kulturminne. Statens vegvesen har sektoransvar for veghistoriske kulturminne og vegmiljø.

Den Trondhjemiske postveg går gjennom planområdet for ny Lindås gravplass. Vi ser at ABO har med dette viktige kulturminne i sitt planinitiativ. Det er veldig og det setter Lindås og Alver kommune på kartet når det gjeld viktige hovudvegar her i landet.

Postgangen var viktig særleg for embetsverket i kongeriket Danmark/Norge. Postvesenet ble oppretta i 1647, med det var først på 1790-talet at man fekk regulære postruter mellom de største byene her i landet. Frå Bergen var det postruter både til Kristiania, Trondhjem og Stavanger. Gjennom Alver kommune gjekk postvegen frå Isdalstø i sør til Fonnebustsjøen i nordaust. Vidare herifrå gjekk postvegen sjøvegen til Halsvika i Gulen. Postvegen er den første hovudvegen på Vestlandet. Gjennom Alver kommune går postvegen gjennom mange flotte vegparti med bruer og klopper i et storslått vestnorsk landskap. Dette er eit kulturminne av nasjonalverdi. Statens vegvesen har postvegen gjennom Alver kommune med i sin Nasjonale verneplan for vegar og veghistoriske miljø.

I planområdet for gravplassen ligg vegen i sørleg del av planområdet. Mot Fonnebustsjøen har vegen gått forbi Lindås senter. Like aust av senteret finn ein vegen att i lauvskogen. I planområdet er vegen også tilvaksen og kringsett av lauvskog. I samband med reguleringsarbeidet og etablering av gravplassen bør skogen fjernast slik at vegpartiet vert

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

synleg att og viser horisonten for vegen mot Fonnebustsjøen. Statens vegvesen vil kunne ta del i slikt arbeid og bidra med kunnskap når den tida kjem.

I plansamanheng har nåverande Lindås kommune på ein god måte lagt Den Trondhjemske postveg inn i kommuneplanen, med omsynssone med tilhøyrande føresegner. Statens vegvesen ser for seg at dette også blir utført ved reguleringsplanen for gravplassen på Lindås. Omsynssone skal minimum gå 10 meter frå kvar side av vegen slik det er lagt opp til i kommuneplanen. Vi vil komme attende med føresegner til ei slik omsynssone for vegen.

Dersom det er spørsmål til ovannemnde ber vi dykk ta kontakt med Statens vegvesen.

Transportvest/Transportforvaltning Vest 3

Med helsing

Olav B Aga

Fungerande seksjonsleiar

Sigmund Bødal

senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN